



Sogn og Fjordane fylkeskommune  
postmottak.sentraladm@sfj.no

## **Nasjonal transportplan 2014-2023 – innspel**

*Sogn regionråd består av kommunane Aurland, Balestrand, Leikanger, Luster, Lærdal, Sogndal, Vik og Årdal og har slutta seg til følgjande innspel til planframlegget:*

Sogn regionråd meiner det er viktig med auka økonomiske rammer i Nasjonal Transportplan slik at også nødvendige investeringar kan gjennomførast i perioden i tillegg til å få utført vedlikehald og drift. Sogn regionråd ber om at følgjande tiltak vert teke inn i NTP 2014-2023:

### **Forlenging av rullebane ved Sogndal lufthamn Haukåsen**

Flytypen som no trafikkerer på Sogndal lufthamn blir ikkje lengre produsert og vil om nokre år bli fasa ut. Sogn regionråd har i 2011 fått utgreidd tekniske tiltak og kostnadsoverslag for å få forlenga rullebane til 1199 meter. Rapporten følgjer vedlagt. Ei forlenga rullebane vil gjera det mogleg for andre flytypar å trafikera lufthamna og vil gje betra konkurransesituasjon i framtidige anbudsrunder. Vi har hatt svært positiv passasjerutvikling over fleire år og erfaringstal frå 2010 då Sandane lufthamn var stengt viste at betra tilbod gav passasjervekst.

Sogneregionen har mange arbeidsplassar som har mykje reiseaktivitet og som er avhengig av eit godt flytilbod og tilgang på kort reisetid. Avinor viser til at 50-sete fly på Sogndal har ein positiv samfunnsøkonomiske nytte på 0,37 mrd, jf notat "Lufthavnstruktur" vedlagt planframlegget. Sogn regionråd vurderer ei forlenga rullebana til 1199 meter som viktig for næringslivet og avgjerande for vidare utvikling av regionen, og forlenga rullebane på Sogndal lufthamn bør prioriterast.

### **Ferjefrekvens**

I høyringsdokumentet ligg det inne forslag om å gå bort frå faste målsetjingar for riksferjetilbodet med 38 eller 36 avgangar etter personbileiningar pr døger, og heller vurderer det enkelte samband individuelt ved ny utlysing. For å sikra at ferjeruter med lågt trafikktal ikkje får dårlegare tilbod, bør dagens målsetjingar vidareførast i NTP 2014-2023.

### **Ruteområde 4C – Vinje-Hella-Sogndal**

Store deler av strekninga Vinje-Hella-Sogndal har dårleg vegstandard, har eit høgfjellsparti som er utsett om vinteren, er rasutsett og er ein av få riksvegsferjesamband utan halvtimes avgangar og utan nattferjer. Rammene til ruteområde 4 C må aukast for å kunne løysa desse utfordringane. Innanfor auka rammer må tunnel under Vikafjellet prioriterast.

Med helsing

Noralv Distad  
leiar Sogn regionråd  
(sign)

Ivar Kvalen  
leiar Samferdslegruppa i Sogn regionråd  
(sign)

Vedlegg: Rapport – "Sogndal lufthamn Haukåsen – forlengelse av rullebane"